

Nye skilt vil forenkla fartsforståinga i Uskedalen.

26.10.2019



Tre nye skilt langs FV 48 vil forenkla køyreforståinga i Uskedalen.

Torsdag var MESTA på plass for klargjering av tre nye skilt som skal forklara og forenkla fartsforståinga i Uskedalen. Det vart laga fundament for skilta, som vil vera på plass innan kort tid. Plassane er på Fitjaflatene, ved Eikebrua og i Buasvingen. Statenes Vegvesen skal ha ros for rask reaksjon og forbetring etter at dette vart påpeika i media og meldt som eit fartsproblem.

Uskedalen.no var på plassen då MESTA sine arbeidrarar laga fundamenta for skilta.

Plassane og skilta er slik:

- Nedre Fet - Fitjaflatene på veg mot Eik/Steinsletto: Skilt som syner fartsgrensa 50 km/t, Fylkesveg 500 og at det er forkøyrsvog
- Ved Eikebrua: Det same
- Buasvingen på veg mot sentrum: Varselskilt om at det 150 meter fram til skilting 50 km/t

Dette tiltaket vil gjera skiltinga meir eintydig og vil truleg føra til fartsreduskjon.



[MESTA gjer klar for nye skilt på strekninga Nedre Fet - Steinsletto.](#)

Den skarpe lesarar har sikkert alt merka seg at Fylkesveg 48 vil bli endra til FV 500. Bakgrunnen er overgangen til Vestland fylke som fører til ei justering av alle fylkesvegnummer.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Statens Vegvesen/ Kristian Bringedal